

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2024

Årsmeldinga vert handsama på årsmøtet 27.03.2025

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kontor si stilling. Frå hausten 2019 har sjølve undervisingsdelen til barnekoret blitt kjøpt gjennom Ullensvang kulturskule, sidan kontorstillinga i Jondal sokn vart redusert i koråret 2019/2020.

*Korforbund

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på ca 330 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekka eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornya.

2024

Korarbeidet Solstråla er fleksibelt og vert til ei kvar tid lagt opp etter kva arbeidsressurs ein har tilgjengeleg i kombinasjon med kva barnekull ein har i målgruppa.

Solstråla hadde dette året øving tysdagar for aldersgruppa 6-10år,

16 songarar var aktive i vårsemesteret, aldersgruppa var 1-4.kl. Og totalt 14 songarar var aktive hausten 2024.

17 born betaler kontingent til Solstråla for 2024.

Solstråla hadde i bank pr.31.12, kr. 57602,02

Året starta med øving 9.januar og vi song på TårnAgent & LysVakengudsteneste 28.januar. Søndag 10.mars song vi på gudsteneste i Jondal kyrkje. Torsdag 2.mai var det kyrkjespel i Jondal kyrkje saman med konfirmantkoret og Jondal Grendakor + musikarar. Solstråla song på 17.mai-gudstenesta, og sommarkonsert i Hardanger Kulturgalleri 30.mai . Måndag 3.juni song Solstråla på ein liten kulturskulekonsert kl.17. Måndag 10.juni hadde Solstråla ein liten Familiekonsert i Jondal kyrkje som sommaravslutning. Laurdag 6.juli var ein Solstråle med som solist på Vikevollen sin sommarfest. Tysdag 9.juli var Solstråla vertskor for det franske barnekoret frå Colmar som hadde konsert i Jondal kyrkje og som fekk middagsservering på Folgefonn gjestetun. Haustsemesteret starta tysdag 20/8. Første opptreden på hausten var songstund på Vikevollen 3.oktober. 19.oktober arrangerte Solstråla hausttreff i Jondal for Ung Kyrkjesong, og det vart eint fint treff og ein fin konsert med Solstråla og Øystese kyrkje sitt barnekor. Søndag 20.oktober song dei på Hausttakkefest. Søndag 3.november var Solstråla med på Hovlandfest i Jondal kyrkje og søndag 10.november deltok dei på Hardanger KorAkademi sin 15års-jubileumskonsert i Jondal kyrkje. Solstråla var også med på Ljosmessa i Jondal kyrkje 1.desember, Kulturskulens Bibliotekkonsert 2.desember, Songstund på Vikevollen 6.desember, korovernatting på Kvåle 12-13.desember og adventskonsert i Jondal kyrkje søndag 15.desember. 18.desember song dei på julekonsert med Atle Pettersen i Odda kyrkje saman med barnkor frå både Utne, Tyssedal og Odda. Og semesteravslutning vart juleaftagudstenesta i Jondal kyrkje 24.desember kl.15.

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2024

Årsmeldinga vert handsama på årsmøtet 27.03.2025

Solstråla hadde 18 øvingar vår og 18 øvingar haust, samla 36 øvingsdagar. Solstråla var lokal arrangør av 2 songstunder og eit hausttreff åleine, og dei deltok på heile 21 arrangement inklusiv 3 institusjonsbesøk og 1 korovernattingstur i 2024.

Styre for Solstråla 2024 valgt på årsmøtet 14.03.2024

Anne Karin Stormyr	dirigent og leiar, fast styremedlem
Synnøve Eikrem (2023-2024)	styremedlem, ikkje på val
Christine Fauskanger Molven (2023-2024)	styremedlem, ikkje på val
Ida-Sofie Holmen (2024-2025)	representant frå soknerådet, nyval
Cristina Solohova (2024-2025)	styremedlem, attval
1.vara: Ingrid Guntveit (2024)	attval
2.vara: Hege Brattabø (2024)	attval
Revisor: Magnar Sollesnes (2024)	attval

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2024. Arrangementsliste med repertoaroversikt for Solstråla blir lagt ved i protokollen.

Jondal, 27/3- 2025

v/Anne Karin Stormyr